



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Vår dato: 02.12.2019
Vår ref: 2019/14747

Dykkar dato: 14.11.2019
Dykkar ref: 18/2670

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Klage - Radøy - 68/11 - fasadeendring og ny brygge med meir - dispensasjon

Vi viser til brev frå Radøy kommune datert 14.11.2019. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formål og byggeforbod i 100-metersbeltet for mindre fasadeendringar knytt til eksisterande vindauge/dører, erstatte overbygg inngangsdør med nytt overbygg, plattning, bryggje, drenering rundt fritidsbustad, planering av område sør for fritidsbustad, riving av eksisterande tilbygg, nytt tilbygg og riving og fjerning av eksisterande toalett i strandsona.

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 30.10.2019, der følgjande vedtak vart fattat:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. pbl. §§ 1-8 og 11-6 vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon til planering.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 20-1, 20-2 og 20-4 vert det godkjent søknad om løyve og dispensasjon til etablering av tilbygg, plattning, mindre fasadeendringar, overbygg over inngangsparti og bryggje på følgjande vilkår:

- 1. Størrelse på bryggje kan vera maks 10 kvm. Det må sendast inn oppdatert situasjonsplan og teikning av bryggja før arbeidet kan starta.*
- 2. Utedo skal rivast før det kan søkjast om mellombels bruksløyve/ferdigattest.*

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12»

Fylkesmannen klager på Radøy kommune sitt vedtak av 30.10.2019, saknr. 058/2019.

Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.



Fylkesmannen rådde ifrå dispensasjon til platting, planering og brygge i brev av 23.09.2019. Det går fram av pbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden.

Eigedomen ligg i eit område som er kartlagt som eit svært viktig friluftsområde, Grunnesundet. Området er også del av den indre farlei. I tillegg ligg området som del av forslått marint verneområde Lurefjorden og Lindåsosane. Fylkesmannen si vurdering er at området der tiltaka skal utførast har særleg store strandsoneverdiar.

I vår uttale var vi negativ til auka privatisering og nedbygging av området. Vi har likevel forståing for at ein ynskjer tilkomst frå sjøen i denne saka. Vi meiner at ein slik tilkomst må vere så lite privatiserande, med så få landskapsinngrep som mogleg. Den omsøkte kaien er forma som ei platting, og er særleg privatiserande. I vedtak om dispensasjon vert det gitt løyve til ein mindre brygge enn det situasjonskartet visar (maks 10 m²). Det er mogleg at ei slik brygge vert mindre privatiserande, men vi kan ikkje ta stilling til dette før vi har sett teikningar. Ei enkel flytebryggje vil truleg vere den beste løysinga, då den er mindre privatiserande og enklare og fjerne.

Fylkesmannen finn å måtte klage på dispensasjon til brygge i denne saka då vi ikkje kan sjå verknaden av vedtaket og vurdere at omsyna bak pbl § 1-8 kan verte vesentleg tilsidesette dersom det vert gitt dispensasjon til ny brygge.

Dersom klagen ikkje vert tatt til følgje, skal saka sendast Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil deretter senda saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent